

Inge Østergaard
Østliveien 32
1389 HEGGEDAL

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Tone Furustøl	14.02.2022
Vår: 20/8901 - 22/13033	tone.furustol@alver.kommune.no	

Stadfestar mottatt klage med vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 1/403 Flatøy

Tiltak:	Veg til tomt
Byggjestad:	Gbnr: 1/403
Tiltakshavar:	Henrik Brigtsen
Ansvarleg sækjar:	Ingeniør Aarland AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar rettidige klage av 07.12.2021, sist supplert 16.12.2021 og 27.01.2022 på vedtak om igangsettingsløyve for etablering av veg til gbnr 1/403, datert 24.11.2021.

Klagar har også svart på et skriv frå tiltakshavar av 17.01.22 i høve privatrettslege tilhøve. Svaret på skrivet er sendt til kommunen. Kommunen har ikkje mottatt skrivet frå tiltakshavar og legg til grunn at skrivet vart retta til klagar direkte. Kommunen har difor ikkje etterspurt skrivet frå tiltakshavar og ikkje handsama svaret frå klagar som ein del av klagen på igangsettingsløyve.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Klagen på igangsettingsløyve sendast ikkje til tiltakshavar for uttale då saka anses som godt nok opplyst, jf. forvaltningsloven (fvl.) §17. Tiltakshavars krav til kontradiksjon og rettstryggleik er ivaretatt med den dokumentasjon som ligg føre i saka.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak om igangsettingsløyve for etablering av veg til gbnr 1/403, datert 24.11.2021. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje t.d.. uoppretteleg skade eller tap for partane.

Rammeløyve avklarar dei ytre rammene om tiltaket og skaper ein berettiget forventning om å kunne etablere/bygge tiltaket. Igangsettingsløyve formaliserer det rammeløyvet som er gjeve ved å følgje opp rammeløyvet og dei vilkår som gjeld for tiltaket. Med igangsettingsløyvet vert ansvarsrett systemet synleggjort og stadfesta.

I vedtaket om igangsettingsløyve for etablering av veg til gbnr 1/403, datert 24.11.2021, så er det vist til at vilkår for rammeløyve av 17.09.2020 gjeld. I vedtaket av 17.09.2020 er også dispensasjon frå LNF- føremålet handsama.

Klagen er i hovudsak grunngeven med at dei privatrettslege tilhøve ikkje er på plass samt at stigning på vegen, som er satt til 16%, er for bratt.

Dei privatrettslege tilhøva og stigning av vegen er handsama i vedtak om dispensasjon og rammeløyve av 17.09.2020. Vedtaket har vore rettidig påklaga av klagar og vore gjenstand for klagehandsaming. Utval for areal, plan og miljø (APM) tok ikkje klagen til følgje. Vedtaket om dispensasjon og rammeløyve av 17.09.2020 er stadfesta av Statsforvaltaren i Vestland i vedtak av 10.02.2021.

Dei påberopte forholda rundt uttak av **tømmer**, er ansett å vere ein del av etableringa av vegen. Vi kan ikkje sjå at uttak av tømmer, slik det er illustrert på bileta innsendt klagen, er søknadspiktig. Vidare er uttak av tømmer er ein naturleg del av det å byggje veg.

Commented [TMBF1]:

På denne bakgrunn er det ikkje fleire tilhøve som kommunen skal handsame og ta stilling til ved søknad om igangsettingsløyve. Dei privatrettslege tilhøva må partane sjølv finne løysing på, eventuelt med hjelp av domstolane.

Administrasjonen vurderer at det ikkje er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om igangsettingsløyve.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilleggsdokumentasjon - klage på igangsettløysve - gbnr 1/403 Flatøy

20211216_130540 - foto

20211216_130548 - foto

Klage på vedtak - pågående byggesak - gbnr 1/403 Flatøy

Klage på vedtak om igangsettløysve - GBNR 1/403 Flatøy

Igangsettløysve for etablering av veg - gbnr 1/403, 1/12 Flatøy

Vedtak i klagesak som gjelder dispensasjon til etablering av vei på eiendommen gbnr 1/403 og 1/12 Flatøy

Rammeløysve til oppføring av veg med dispensasjon - gbnr 1/403 Flatøy

Situasjonsplan

Veiprofil

Vidareføring av veg

Vegutløysing / Endra plan for veg

Kopi til:

Berit Sofie Hoffstad	Helleveien 267	5039	BERGEN
Berit Sofie Hoffstad	Helleveien 267	5039	BERGEN
Henrik Brigtsen	Bruskedalsreset 86	5115	ULSET
Hilda Pauline Austegard	Flatøyvegen 154	5918	FREKHAUG
Inge Østergaard	Østliveien 32	1389	HEGGEDAL
Inge Østergaard	Østliveien 32	1389	HEGGEDAL
Ingeniør Aarland AS	Eidsvågbakken 1	5105	EIDSVÅG I ÅSANE
Ingeniør Aarland AS	Eidsvågbakken 1	5105	EIDSVÅG I ÅSANE

Mottakarar:

Inge Østergaard	Østliveien 32	1389	HEGGEDAL
-----------------	---------------	------	----------